



# Kommunal informasjon frå Meland kommune

Pb. 79 - 5906 Frekhaug Tlf. 56 17 10 00

E-post: [postmottak@meland.kommune.no](mailto:postmottak@meland.kommune.no) - [www.meland.kommune.no](http://www.meland.kommune.no)

Foto: Roald Bertelsen

## KUNNGJERINGAR

### ■ BUDSJETT 2015:

#### ALMINNELEG ETTERSYN

##### Budsjett for 2015 vert lagt ut til alminneleg ettersyn på desse stadane:

Meland bibliotek, Rosslund bibliotek, i resepsjonen på rådhuset, Frekhaug og heimesida: [www.meland.kommune.no](http://www.meland.kommune.no) i tida 1.12. – 15.12.14.

Kommunestyret skal vedta budsjettet for 2015 i møtet onsdag 17.12.14.

Møtet vert i kommunestyresalen kl. 17:00.

### ■ Kulturskulen

#### Ledige plassar på gitar og song i kulturskulen

Meland kulturskule har frå nyttår av ledige plassar på fleire tilbod, og på musikkinstrument som song og gitar/ el-gitar/ el-bass.

Du finn søknadsskjema og oversikt over tilboda våre på [www.meland.kommune.no](http://www.meland.kommune.no) – velkomen!

På gruppetilboda dans, teater og visuell kunst har vi og plass til elevar frå andre kommunar.

Ein elevplass i kulturskulen kostar kr. 1.500,- per semester (kr. 3.000,- i året). 25% / 50% søskenrabatt.

Påmelding på [www.meland.kommune.no](http://www.meland.kommune.no)

For meir informasjon, ta kontakt med

kulturskulen på 56 17 10 64 eller

[kulturskulen@meland.kommune.no](mailto:kulturskulen@meland.kommune.no)

### ■ Meland bibliotek

**Eventyrstund** for førskulebarn 2. desember kl. 10.30

**Måleriutstilling** av Eli Raa Nilsen, siste dag 29. november. Omvising av kunstnaren kl. 13.00

#### Boka Nordhordland 1814 – 2014

6. desember vert det sal og signering av boka Nordhordland 1814 – 2014

Nordhordland Litterære Selskap har møte på Meland bibliotek 11. desember kl.19.00.

Vi skal snakke om Kjell Westö: «Svik 1938».

Med denne boka vann han Nordisk Råds

Litteraturpris 2014. Velkomen!

### ■ Plan, utvikling og kommunalteknikk

#### Planmeldingar

##### Godkjente reguleringsplanar.

Meland kommunestyre har i møte 15.10.2014 gjort

vedtak om endring og godkjenning av følgjande reguleringsplanar, jf. plan- og bygningslova § 12-12, 2. ledd:

#### Endring - Reguleringsplan E39 over Flatøy – planID: 1256 2011 0007.

Planen skildrar og legg til rette for etablering av midtdelar på E39 over heile Flatøy. Knytt til dette tiltaket ligg mellom anna areal for grunnavstanging, deponering, støvvurdering og utforming av avkøyrsløp. Endringa legg til rette for eit noko større areal for omkøyringsveg og riggområde.

#### Bergotunet (detaljplan) – planID: 1256 2011 0002, arkivID: 14/2011.

Detaljregulering av butikk, bustad og trafikkareal på Vikebø / Rosslund mm.

Godkjenningsvedtaket kan påklagast til Fylkesmannen i Hordaland, jf. plan- og bygningslova §§ 12-12 og 1-9. Klagefristen er 05.12.2014. Klagen skal stilast til Fylkesmannen, men skal sendast til Meland kommune for vurdering av kommunestyret før den vert vidaresendt til Fylkesmannen.

#### Generelt

Planframlegg og godkjente reguleringsplanar er lagt ut i resepsjonen i rådhuset, og i digitalt planarkiv.

Ein finn link til BRAPLAN på

[www.meland.kommune.no](http://www.meland.kommune.no)

Velg Meland kommune under eigar og

nytt planID, arkivID eller plannamn til søk.

Merknader, innspel eller eventuell klage må vere skriftlege og skal sendast til Meland kommune, Plan, utbygging og kommunalteknikk, Pb. 79, 5906 Frekhaug, eller som e-post til [postmottak@meland.kommune.no](mailto:postmottak@meland.kommune.no)

Verknad av godkjent reguleringsplan.

Godkjend reguleringsplan er, etter plan- og bygningslova § 12-4, straks bindande for alt arbeid, alle

planområdet, jf. plan- og bygningslova § 1-6. Tiltak etter § 1-6, 1. ledd, medrekna bruksendring etter § 31-2, jf. også § 1-6, 2. ledd, må ikkje vere i strid med arealføremål eller føresegner. Planen er styrande for behandling av søknad eller forståing av tiltak etter § 20-1, 1. ledd, bokstav a) til m), jf. §§ 20-2 og 20-3.

Krav om erstatning etter plan- og bygningslova § 15-3 og krav om innløyning etter § 15-2, må vere sett fram seinast 3 år etter denne kunngjeringa.

### ■ Frivilligsentralen

#### Dataklubben:

Siste dag før jul er

8. desember, vi startar opp ...

12. januar 2015.



## LEDIGE STILLINGAR

Meland kommune har elektronisk søknadsskjema på ledige stillingar. Det er kun mogleg å søkje gjennom vårt elektroniske søknadsprogram. Dette gjeld både for eksterne og interne søkjarar. Nærare informasjon finn du på [www.meland.kommune.no](http://www.meland.kommune.no) under ledige stillingar.

Har du lyst på spennande oppgåver i ein kommune i vekst

Meland kommune treng:

#### Kulturskulen:

Lærer i visuell kunst – 23,10% fast stilling

Musikktapeut/musikkpedagog – 10,28% vikariat

#### Søknadsfrist 14.12.2014

Sjå fullstendig utlysingstekst på kommunen sine nettsider: [www.meland.kommune.no](http://www.meland.kommune.no)

## OPNE MØTER november/desember 2014

|                              | Dato          | Kl.   | Møtestad         |
|------------------------------|---------------|-------|------------------|
| Formannskap                  | Onsdag 26.11  | 16.00 | Formannskapsalen |
| Fellesrådet                  | Torsdag 27.11 | 14.00 | Formannskapsalen |
| Utval for drift og utvikling | Tysdag 02.12  | 16.00 | Formannskapsalen |
| Formannskapet                | Onsdag 03.12  | 16.00 | Formannskapsalen |
| Kommunestyret                | Onsdag 17.12  | 17.00 | Kantina          |

Møte i folkevalde organ er som hovudregel offentlege etter Kommuneleva.

Alle som ønskjer det kan vera til stades, og det er høve til å referere frå møta.

Sakspapir er tilgjengelege på kommunen sine nettsider [www.meland.kommune.no](http://www.meland.kommune.no)

